



Statens vegvesen

Ingvei og Roar Ludvigsen
Øvre Fyllingsvei 32D
5161 LAKSEVÅG

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
19. 08. 2014	
Art. Saknr.:	Lindås:
Saks:	Fylkesvegforslag

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2014/084016-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.08.2014

Søknad om dispensasjon frå byggegrensa til riksveg E39 for oppføring av tilbygg til hytte på eigedomen gnr. 212, bnr. 34 i Lindås kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse i denne saka ved vårt brev av 04.08.14 og telefonsamtale med Roar Ludvigsen i dag den 19.08.14.

Vi ber om orsaking for at det kan ha vorte nokre mistydingar i samband med handsaming av denne byggesaka. Som det går fram av vårt brev av 04.08.14 er det ikkje nok med nabovarsel i ei sak der det er trong for løyve som f. eks. dispensasjon frå byggegrensa til ein riks- eller fylkesveg. I dette tilfellet ligg eigedomen gnr. 212, bnr. 34 nær opp til riksveg E39 som har ei byggegrense på 50 meter frå senterlinja på vegen.

Ut frå tilsendt kartmateriale vil nærmaste del av tilbygget ligge ca. 40 meter frå senterlinja på E39. Frå planteikningane ser vi at tilbygget skal nyttast som soverom. I samband med soverom i ein bygning som er ordinær bustad skal støy vurderast spesielt når bustaden ligg så nær vegen. I dette tilfellet er det ei hytte som ikkje har tilsvarende støykrav.

Vi har vurdert søknaden om dispensasjon frå byggegrensa til riksveg E39 og gjev dispensasjon for oppføring av tilbygg til eksisterande hytte i ein avstand på minimum 40 meter frå senterlinja på E39.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik